

Høyringsuttale



Norsk Studentunion
-stiftet 1936 -

Thorvald Meyers gate 7, 0555Oslo
Tlf: 22044950. Fax: 22044969
E-mail: nsu@nsu.no
Web: www.nsu.no

Nasjonalt rammeverk for kvalifikasjoner i høyere utdanning

**Høyringsuttale frå
Norsk Studentunion**

Norsk Studentunion (NSU) vil takke for førespurnaden om høyringsuttale på nasjonalt rammeverk for kvalifikasjonar i høgare utdanning (NRK). Ein ser det som positivt at departementet sender det ut på høyring og har gjeve høyringsinstansane tid til å behandle det godt. Det som ikkje er like positivt er det medføljande høyringsbrevet som gjev svært lite føring for kva ein vil med NRK og korleis ein ser for seg ein prosess vidare. Etter å ha vore i kontakt med sakshandsamar har ein fått meir klarleik i dette, men NSU meiner dette er noko som burde ha vore klarlagd i høyringsbrevet.

NSU er i hovudsak positiv til NRK, då spesielt den delen der ein seier at ein bør gå over frå *læringsmål* til *læringsutbytte*. NSU ser det som meir logisk at ein seier noko om kva ein kan etter endt utdanning, i staden for slik det er i dag der ein berre seie noko om kva ein skal lære. NSU ser at der er ein del moment som treng spesifisering og har såleis ein del kommentarar til arbeidsgruppa sitt dokument. Vi har valt å dele det opp i dei føljande hovudpunkta:

- **Målgrupper**
- **Deskriptorane**
- **Læringsutbytte**
- **Internasjonalisering**
- **Bachelorgraden**
- **Disiplin vs. Profesjon**
- **Vegen vidare**

Målgrupper

NSU er skeptisk til at ein ikkje har valt ei spesifikk gruppe som målgruppe, men sett opp fleire ulike grupper. Desse gruppene har til dels svært ulike behov. Det at ein ikkje har sett opp ei gruppe som hovudmålgruppe gjer at NRK blir unødvendig generelt. Dersom ein hadde bestemt seg for ei gruppe, hadde vore meir spesifikt og såleis lettare for alle å ta i bruk. NSU meiner såleis at når ein skal starte opp med å laga fagspesifikke kvalifikasjonsrammeverk (FKR) bør ein ha ei gruppe som målgruppe.

Når ein startar opp arbeidet med FKR ser NSU det som sentralt at ein og har med deskriptorar som og seier noko om fagleg kunnskap. Me ser heilt klart at det er umogeleg å laga eit NRK som ikkje er svært generelt derfor er det viktig å laga FKRar som er gode. Dersom ein ikkje tek den tida ein har behov for til dette, kan ein ende opp med eit kvalifikasjonsrammeverk som ikkje har nokon praktisk nytte. NSU meiner det er moglegheitene til å samanlikne dei ulike FKRane kan bli ein annan stor nytteeffekt. Dersom dette skal vera mogeleg er ein avhengig av at dei er bygd opp over same lest. Og etter vårt syn er det her NRK kjem inn.

NSU meiner ein god måte å starte arbeidet med FKR er å velje ut nokre av fagretningane som pilotprosjekt, slik at det kan trekkast erfaringar frå desse. I det vidare arbeidet meiner NSU det er viktig at de fagspesifikke deskriptorane ikkje er til hinder for lokale spesialiseringar ved de ulike institusjonane. Dette sjølv om det faglige rammeverket må være meir konkret og innehalde faglige krav. NSU er redd for at dersom ein ikkje klarer å få til eit rammeverk som gjev rom for institusjonanes eigenart vil ein få eit fattigare fagmiljø.

Deskriptorane

Norsk studentunion ser det som positivt at ein i forslaget til rammeverk legg opp til at deskriptorane skal vera eit minimumskrav til kompetanse innanfor kvar syklus. Me meiner at det vil vera eit rett signal å sende til institusjonane med tanke på kva slags nivå ein vil ha på utdanningane i Noreg. Dersom dette fører til at institusjonane aukar krava og kompetanseutvekslinga ved studia er dette av det gode for studentane. Når ein vidare skal utarbeide faglegespesifikke rammeverk må ein sjå om det er utvalte deskriptorar ein skal legge meir vekt på.

NSU meiner at ein må redusere talet på deskriptorar då det er mange av dei, og fleire av dei er til dels overlappende. Me meiner dette er viktig dersom ein ser for seg at NRK skal kunne nyttast.

Eit sentralt spørsmål som NSU synest er kartlagt for lite av arbeidsgruppa, er korleis ein ser for seg å måle om studentane faktisk har den kompetansen som utdanningsnivået tilsvarar. Me ser det som urealistisk at alle deskriptorane kan testast i eit og same emne. Det er såleis viktig at når ein set saman emne til eit studieprogram, må ein ha med seg at summen av emne gjeve opplæring som møter krava i rammeverka. Sjølv om ei gradsoppgåve vil kunne belyse fleire av deskriptorane, vil ein sjeldan kunne syne alle kvalifikasjonane ein har. Rammeverket må ikkje bli ein mal for innhaldet i oppgåver.

NSU er ueinige med arbeidsgruppa i bruken av omgrepet "Generell kompetanse". Me meiner at ein bør kunne bruke "holdningar" og at dette er dekkande. For oss verker det som om deskriptorane innanfor denne kategorien er plassert her av di dei ikkje passa nokon annan stad. NSU meiner ein bør rydde opp i desse og kalle gruppa for "holdningar". Noko som og gjer at det er uheldig å bruke omgrepet "generell kompetanse" er at det fort kan tolkast som å ha noko å gjera med realkompetanse. For å unngå mistydingar er det såleis betre å bruke "holdningar".

Læringsutbytte

Norsk Studentunion er einige i intensjonen om eit læringsutbyttefokus. Men sjølv om me er einige i dette, er det viktig å ikkje gløyme momenta i Kvalitetsreformen, der ein sett fokus på læringsprosessen. (Tettare oppfølging gjennom studiet - rettleiing, jamlege vurderingar m.m.) Det at ein her vil endre korleis ein måler sluttproduktet, må ikkje endra det faktum at det er vegen dit som er den viktigaste.

Ein må og hugse at det å ta høgare utdanning ikkje berre er ein læringsprosess der ein lærer fakta og metode. Det er og ein danningsprosess, der det å vera student og aktivitetane og engasjement i samband med dette, er læringsarenaen. Dette er sentral kunnskap ein ikkje testast i på eksamen.

Internasjonalisering

NSU stiller seg positiv til internasjonalisering av studium, og ser kvalifikasjonsrammeverket som eit positivt bidrag i prosessen mot å skape meir samarbeid, då det blir lettare å samanlikne læringsutbyttet på tvers av både institusjons- og landegrenser. Men nettopp desse trekka som styrkar internasjonaliseringa vil og føre til ei utvikling mot meir strømlinjeforma studium. NSU ser det som uheldig at den lokale organiseringa og autonomien kan svekkast som ein konsekvens av auka fokus på internasjonalisering. Internasjonalisering betyr ikkje berre arbeidsmobilitet, men og studentutveksling og informasjonsutveksling.

Det er viktig å ha med seg, at rammeverket berre vil betre internasjonaliseringsforholda innan Europa, og det er som kjent i resten av verden ein har dei største utfordringar i samband med utveksling.

NSU meiner at språkkravet må vere med i alle nivå i deskriptorane. Både for internasjonaliseringa og oppretthalding av høg fagleg internasjonal standard sin del, er det essensielt at ein kan kommunisere både på norsk og eit tilleggsspråk, på alle nivå. Det er viktig med opplæring i akademisk skriving, og denne må gå føre seg allereie på bachelornivå. Dette må ikkje gå på kostnad av norsk som fagspråk, ein må kunne klare begge delar.

Målet er at både studentar og vitskapleg tilsette skal kunne følge med i internasjonale ordskifte på fagområdet. Dersom ein skal få til dette, er det sentralt at ein startar så tidleg som råd med å lese og skrive akademiske tekstar på andre fagspråk enn norsk. Mange av fagområda i Noreg har i dag store delar av pensum på engelsk, og på bachelornivå, dette bør såleis visast i NRK.

Bachelorgraden

NSU stiller seg i utgangspunktet positivt til tanken om livslang læring, men det er problematisk at dei ulike gradenes sjølvstende står i fare for å bli svekka, då spesielt med tanke på bachelorgraden. Dersom de ulike gradene berre skal fungere som førebunde til neste trinn i utdanninga blir deira relevans svekka. Det er viktig at kvalifikasjonsrammeverket kommuniserer til arbeidslivet at bachelorgraden er meir enn eit førebunde løp til mastergraden.

Dersom NRK er ”avsluttande” og konkretiserande for gradene innan for kvar syklus, kan det tvert om vera med på å styrke opplevinga av ein bachelorgrad som ein eigen fullstendig grad. Denne presiseringa er, etter vår meining, viktigare for UH-sektoren og næringslivet, enn den jamne student. Denne presiseringa er viktigast for dei studieretningar som har vorte delt opp i 3 + 2, her har ein følelse av at ein framleis ser det som unaturleg å avslutte etter tre år. Dersom NRK er med på å styrkje desse bachelorgradene er det bra.

Disiplin vs. Profesjon

Mange av profesjonsstudia er alt oppbygd etter fagspesifikke rammeplanar og er såleis godt i gang med det arbeidet NRK antyder. Dette kan slå ut på fleire måtar; enten er NRK allereie så godt som implementert og medfører ikkje spesielt mye meirarbeid eller så må eit nytt system på plass, noko som medfører mykje arbeid. I denne prosessen er ein heller ikkje garantera at resultatet vil bli betre enn det systemet ein hadde frå før.

Innanfor disiplinstudia vil det å laga FKR vera ei større utfordring enn for fleirtalet av profesjonsstudia. Dette kjem av at NRK delvis er motstridande i forhold til desse fagas eigenart, då det er store ulikskapar mellom disiplinstudia innan for same fagretning mellom institusjonane. Det er såleis viktig at FKRane for desse faga, men og alle andre, gjev opning for at ulikskapane mellom institusjonane blir bevare.

Vegen vidare

Norsk Studentunion ser det som sentralt, dersom ein skal nå arbeidsgruppas implementeringsmål, at det kjem betydelege midlar til implementeringa. Med midlar tenkjer ein her og på menneskelege ressursar. Då dette er ein studiereform, ser NSU manglande midlar til dette vil det gå utover kvaliteten på studia i implementeringsfasen.

NSU ser at implementeringsmålet til arbeidsgruppa er i overkant ambisiøst dersom ein skal sikre ei god implementering. Det er sentralt at ein tek seg nok tid til å få laga gode FKR som ikkje inneheld ein masse blankpolerte setningar utan lokal forankring. Dette er viktig dersom ein skal få eit rammeverk som ikkje berre *kan* brukast, men som faktisk *blir* bruka.

Det er og viktig at rammeverket kjem inn i kvalitetssikringssystema og at dei blir følgt opp av NOKUT i evalueringsprosessar. Dette er sentralt av di det vil vera med på å sikre at minimuskrava som deskriptorane i rammeverket legg opp til blir gjennomført.

Me meiner at det er naturleg at Universitets- og Høgskulerådet (UHR) sine ulike fagråd er sentrale i arbeidet for å laga dei fagspesifikke kvalifikasjonsrammeverka. Dette vil vera med på å sikre at desse blir beskrivande for dei ulike fagretningane. Dersom dette ikkje blir gjort her, men hjå ein institusjon som får delegera ansvar for å laga FKR, vil det fort berre beskrive faget ved denne institusjonen. NSU ser at sjølv om det vert fagråda til UHR som får hovudansvaret for å laga FKRar er det avgjerande at andre og kan påverke desse. Dette på bakgrunn av at det, i likskap med NRK, er mange fleire enn UH-sektoren som har interesse av FKR.